



## Saksframlegg

---

Arkivsak-dok. 24/10823-1  
Saksbehandler Ronny Engan

Utval  
Formannskapet

Møtedato

Utvalsak

---

### Skuleregler - Høyring

#### Kommunedirektøren si innstilling:

- 1) Formannskapet legg vedlagte forslag til forskrift til Skuleregler for offentlege grunnskular i Vestnes kommune ut til offentleg ettersyn, med høyringsfrist sett til 10. november 2024.

#### Saksopplysninger

##### Bakgrunn:

Frå 01.08.2024 fekk Noreg ei ny opplæringslov. ([Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) - Lovdata](#))

Bakgrunnen for dette har m.a. vore utfordringar med at regelverksetterleving i skuleverket viser seg å vera mangefull. Dette er avdekt i tilsyn over mange år. Over tid, med stadige endringar og nye reglar, har gjort lova uoversiktleg og vanskeleg tilgjengeleg for brukarane (kommunar, skuleleiarar, lærarar, elevar og foreldre). Sentrale styresmakter har sett behov for «opprydding» og ein meir oversiktleg struktur. I tillegg blir det gjort reelle endringar på vesentlege område.

Strukturen i den nye lova er slik:

- Første del – innleiande reglar
- Andre del – grunnskoleopplæring
- Tredje del – vidaregåande opplæring
- Fjerde del – fellesreglar for grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa for barn og unge
- Femte del – førebuande opplæring og vidaregåande opplæring for vaksne
- Sjette del – privat opplæring, godkjenningsordningar og privatistordningar
- Sjuande del – forskjellige reglar
- Åttande del – sluttreglar

Ei av endringane er forskritsfesting av regelverk.

Kommunen skal ha forskrifter for:

Permisjon frå skulen (Ny lov §2-2, fjerde avsnitt), Skulefritidsordning (Ny lov §4-5, femte avsnitt), Skuleregler (Ny lov §10-7), Skulerute (Ny lov §14-1, andre avsnitt) og Hovudmål ved den enkelte skule (Ny lov § 15-2)

### Kommunen kan ha forskrifter for:

Omdisponering av fag- og timefordelingen (§1-6, andre ledd), Opplæring ut over det samla minstetimetalet (§1-6, sjette ledd), Skulekrinsar (§2-6), Grunnleggande opplæring i samisk språk og kultur (§3-2, andre ledd), Bortvising i skuleregler (§13-1, første ledd, jf. §10-7) og Ordensreglar for opplæringa for vaksne (§20-3)

### **Vurdering**

Kommunedirektøren har starta arbeidet med implementering av ny opplæringslov i grunnskulen. Mellom anna har vi, som del av planleggingsdagane før skulestart, invitert alle tilsette i dei offentlege grunnskulane til felles kursdag der vi gjekk gjennom korleis vi skal arbeide med skulejuss i kommunen og på skulane. Målet for dette kurset var å:

- Gi informasjon om bakgrunnen for ny opplæringslov
- Gi oversikt over oppbygginga av lova og sentrale prinsipp
- Gå i djupna på nokre sentrale delar av lova og legge grunnlag for riktig og mest mogleg lik tolking
- Legge til rette for refleksjon rundt eigen kompetanse på regelverket, og behovet for vidare arbeid med skolejussen
- Sette søkjelys på det store og auka handlingsrommet lova gir

Lova vart vedteke hausten 2023, men tok ikkje til å gjelde før no frå 01.08.2024. Det vil ta litt tid å tilpasse seg alle endringane i lova, mellom anna forskriftsfestigane, og det er difor gitt tid gjennom ein overgangsperiode for å få dette på plass.

Vi arbeider i tett fellesskap med våre samarbeidskommunar i Kunnskapsnett Romsdal, og saman har vi laga det forslaget til nye skuleregler som no blir lagt fram.

Skulereglane skal vareta rettar og pliktar til kvar enkelt elev. Reglane skal bidra til å skape trygge rammer i læringsmiljøet og inngår som eit viktig element i utviklinga av sosiale ferdigheter og bygging av positive relasjoner mellom elevane og mellom elevane og dei tilsette.

Kommunedirektøren meiner at form og innhald i det framlagte forslaget gjer det enklare å forstå, og kunne etterlevast. Det er skreve på ein slik måte at det vender seg direkte til eleven.

Naturlege høyringspartar er Skulane, Elevråda, FAU, Samarbeidsutvala og organisasjonane i skulen, men alle kan kome med tilbakemelding på høyringa.

### **Vedlegg**

2024 - Skuleregler til høyring – Vestnes kommune

2024 - Høyringsbrev skuleregler Vestnes kommune

### **Særutskrift:**